

## «Byen» reiser seg i Amfiet

Skriven av: [Stein-Erik Ovesen](#)  
Publisert: 07.07.2004 23:15

Sist fredag tok arbeidet med opprigginga til framsyningane av «Les Misérables» i Moster Amfi til. Ein god arbeidsgjeng skal vera i full sving fram til øvingane tek til neste fredag.

– Ein gjeng med folk tok til å rigga til i Amfiet sist fredag. Og etter den tid har det vore full aktivitet kvar einaste dag. Det vil halda fram til neste fredag, 16. juli, då øvingane skal ta til. Og det er såleis om å gjera å innan den tid ha fått på plass så godt som alt som gjeld scene og kulissar. Dette slik at det berre er litt småarbeider som må utførast parallelt med øvingane. Det er produksjonsleiaren for oppsettinga av «Les Misérables» også i år, Kjell Arne Røksund, som fortel dette til BØMLO-nytt.

I starten vart det rigga opp stillas, og no denne veka har ein teke til å montera veggjar og kulissar. Mesteparten av dette er slikt som vart nytta under fjorårets oppsetting, og som har vore lagra i Rubbestadneset og på Moster. Men i tillegg er det ein heil del ting som har vorte prefabrikkerte i løpet av våren, og som no skal monterast i Amfiet. Dette i samband med at bybiletet skal utvidast litt og i samband med justeringar og modifiseringar som ein har kome til med bakgrunn i røynslene frå fjorårets oppsetting. Og Kjell Arne Røksund lovar at publikum vil sjå ein del forbetringar og endringar i høve til i fjor.

– Det er godt å vera i gong no, og godt å få noko konkret fram no etter all planlegginga som har gått føre seg i løpet av vinteren og våren. Ellers er ting heilt i rute, og pr i dag veit eg ikkje om noko av større problem. Sjølv om det utan tvil kjem til å vera ting som må løysast i tida fram til premieren torsdag 5. august, seier Kjell Arne Røksund. Han legg til at ei stor oppgåve som har vore enno større i år enn i fjor har vore å skaffa nok innkvartering på Moster. No har ein fått til også dette, og ein har stort sett leigd og bit av hytter, hus og rorbuer på Moster, og også skulen. Dette for å gje plass til så mykje som rundt seksti personar i øvingsperioden på tre veker pluss to veker med framsyningar.

Når det gjeld billettsalet, har ikkje produksjonsleiaren full oversikt nett no. Dette avdi han fram til i morgon er på jobb i Nordsjøen. Men han fortel at det jamnt har vorte seld rundt 500 billetter i veka den seinaste tida, og reknar med at det til saman er seld ein stad mellom 8.000 og 9.000 billetter til no. Dermed er det rundt eit par tusen billetter att, og ein har seld vesentleg mykje fleire billetter til no i år enn til same tid i fjor.

– Vil det seia at det kan verta aktuelt med ei ekstraframsyning også søndag 15. august?  
– Me har lagd opp til ni framsyningar også i år, sjølv om me har lisens til ti. Og sjølv om det har vore enormt stort billettsal til no, så er det nok praktisk vanskeleg å få til ei ekstraframsyning denne sundagen. Dette avdi det er mange av aktørane som kjem langvegsfrå og som skal rekka skule og andre gjeremål etter at me er ferdige med den siste framsyninga laurdag 14. august, seier produsent Kjell Arne Røksund. Han sluttar med å seia at det at det ligg an til at heile 22.000 menneske ser «Les Misérables» i Moster Amfi i løpet av to sommaroppsettingar gjer både han og dei andre folka i Bømlø Musikal Laug aldri så lite audmjuke. Det er jo eigentleg heilt fantastisk...



OPPRIGGING: For tida er det full fart med opprigging av scene og kulissar i Moster Amfi, før premieren på «Les Misérables» torsdag om fire veker. (Foto: Unn Husevik)